

Alternative opningsformuleringar for ikkje samanslegne kommunar:

Nynorsk:

SPRÅKBRUKSPLAN FOR X KOMMUNE Vedteken i kommunestyret [sak, dato]

Bakgrunn

X kommune har vedteke [sak, dato] å be om nynorsk i skriv frå statsorgan, jmf. Mållova § 5, og bruke nynorsk som administrasjonsmål. Føremålet med dette dokumentet er å slå fast nokre rammer for korleis dette vedtaket skal gjennomførast i praksis.

Språkdelt:

SPRÅKBRUKSPLAN FOR X KOMMUNE Vedteken i kommunestyret [sak, dato]

Bakgrunn

X kommune har vedteke [sak, dato] å vere nøytrale etter Mållova § 5.

Sidan både bokmål og nynorsk blir brukt av mange innbyggjarar i kommunen, er det eit særskilt kommunalt ansvar å ivareta interessene og rettane til alle desse. Føremålet med dette dokumentet er å slå fast nokre rammer for korleis ein skal handheve dette ansvaret.